

Sogndal barneskule 1.-7.-klasse

Ei kort utgreiing av gjevne alternativ med utgangspunkt i måla får kommuneplana sin arealdel

Samandrag

Med bakgrunn av arealmåla i Sogndal kommune er Fosshagen-alternativet det mest heilskaplege alternativet for ny 1.-7.trinnskule for Sogndal sentrum, med Trudvang som tett på fullgodt alternativ. Kvåle oppfyller langt færre mål.

Tal viser pallplassering, der 1 er beste alternativ, 3 er svakaste alternativ. X tilfredsstillar ikkje målet.

Mål i arealplan	Trudvang	Fosshagen	Kvåle
4) Vekst og fortetting med kvalitet i tettstadane	2	1	X*
5) Bygge arealeffekt innanfrå og ut for å oppnå 5-minuttssamfunnet.	1	2	x
11) Som hovudregel legge gjennomfartstrafikk utanom sentrum og redusere biltrafikk og parkeringsareal i sentrumskjerna	x	1	x
13) Sikre areal til saumlause og universelt utforma gang- og sykkelveggar og snarveggar i sentrumsområda og mellom bustadområde, skular, barnehagar og fritidsaktivitetar	1	2	x
16) Legge til rette for arenaer og areal for eigenorganisert fysisk aktivitet, kunst, kultur, fritidsaktivitetar og arrangement	1	2	3
19) Legge til rette for sambruk av offentlege bygg og uteområder	1	2	3
20) Sette av areal til auke kapasitet i barnehage og grunnskule ut frå venta folketalsutvikling	3	2	1
21) Sette av areal til grønne friområder tett på alle skular, barnehagar og idrettsanlegg.	1**	2**	3**
32) Førebyggje mot risiko og sårbarheit ut frå ein godt forankra heilskapleg ROS-analyse	X	X	X
Konklusjon 1	20	19	35
Konklusjon 1 rangering	2	1	3
Konklusjon 2 (ser bort frå manglande oppfylling av mål).	6	8	10
Konklusjon 2 rangering	1	2	3

*Dette er eit diskusjonstema, men Kvåle legg ikkje opp til fortetting av sentrumsområdet.

**Fordrar at det blir sett av, og utbygd, tilstrekkeleg grønt friareal.

Bakgrunn

I samband med arbeidet med ny barneskule i Sogndal er det lagt fram ei tilråding frå administrasjon i kommunen som synes å ha lagt til grunn fleire subjektive vurderingskriterie som i større eller mindre grad bør vere relevante for skule plasseringa. Fylgjande kriterie er peika på:

- Økonomi
- Skulen sine behov
- Trafikk
- Basis- og fleirbrukshall
- Klima og berekraft
- Stadutvikling
- Tomtespesifikke tilhøve
- Tid

Det vart på folkemøtet lagt tydeleg fram at vekting av kriterier er eit politisk spørsmål, medan innhald i kriterier og eventuelle tilleggskriterier er eit innspelrelevant spørsmål. Me skal derfor ikkje nytte tid på vekting som administrasjonen her har gjort, anna enn å gjere klart at eg ikkje er samd i vurderingane.


Følgjande alternative plasseringar er lagt fram:

Trudvang:



Eksisterande areal, med omliggjande bustadhus nord for Skulevegen. Alternativet kan utvidast som synt på bilete 2.

Fosshagen:



Område sett av til park- og sentrumsareal, tett på buss-stasjon. Alternativet er i stor grad forbigått i utgreiinga, basert på premisset at sertifisering etter BREAAAM-standarden gjer det uaktuelt. Påstanden er ikkje utgreia og konklusjonen kan derfor ikkje utan vidare akseptrast. Faktum er likevel at vidare utgreiing av alternativet ikkje er gjennomført.

Kvåle:



Administrasjonen sitt tilrådde område. Området er i dag nytta til særskilte føremål, det er uklart korleis dette skal vidareførast. Nytt alternativ om Ingahaugen spelt inn 09.02.2023, ikkje utgreidd tidlegare. Alternativet krev flytting eller kraftig ombygging av Kvåle Stadion, utan at kostnad til dette er utgreidd.

Utgreiing

Ved val av tomteplassing, som er so godt som uavhengig av byggreglaterte val, må ein sjå på retningsgivande dokument i kommune. Samfunnsplana definerer satsingsområda til kommunen, men er for vag til å nyttast direkte. I arbeidet med arealplan er det utarbeidd 33 handfaste mål ut frå samfunnsplana som må vere førande i arealpolitikken, og av desse er det særleg 8 som har stor relevans: 4, 5, 11, 13, 16, 19, 20, 21, 33. Det er laga ei grunngjeving av oppfyljing i liste under:

4. Vekts og fortetting med kvalitet i tettstadane

- a. **Trudvang:** Fortetting er ein føresetnad for at alternativet skal bli tilstrekkeleg stort, og vil ta for seg areal som i dag er einebustadstomter som ikkje er vurdert som verneverdige. Passar godt til plana
- b. **Fosshagen:** Fortetting av eit i dag lite nytta jordbruksareal midt i sentrum, som til dels er tenkt til einebustadstomter og park. Arealet er sær sentrumsnært og moge for utvikling. Som park ligg det for langt borte frå bustadsområda til å kunne reknast som nærgrøntanlegg
- c. **Kvåle:** Arealet ligg i randsona av det som er definert som sentrumsområde i Sogndal sentrum. Det er ingen bustadssone vest eller sør for forslagsområdet. Oppnår derfor ikkje målet, med mindre ein planlegg å forskyve sentrumssona vestover. Dette er i so fall ikkje i tråd med samfunnsmåla.

5. Bygge arealeffekt innanfrå og ut for å oppnå 5-minuttssamfunnet.

- a. **Trudvang:** Heilt i tråd med vilkåret
- b. **Fosshagen:** Heilt i tråd med vilkåret, noko svakare enn Trudvang
- c. **Kvåle:** ikkje i tråd med vilkåret.

11. Som hovudregel legge gjennomfartstrafikk utanom sentrum og redusere biltrafikk og parkeringsareal i sentrumskjerna

- a. **Trudvang:** Uheldig plassering med tanke på levering av barn med buss eller bil, og utfordrande trafikksituasjon mot SHOS. Tiltak kan gjerast aust for tomta, men området er uegna for privat levering av barn, og det er trafikkerte vegar mellom busstasjon og skule
- a. **Fosshagen:** Betre høve for levering av barn privat, kortare veg frå hovudveg enn Trudvang, men barna er meint å krysse Dalavegen for å kome til skulen, dette er sær uheldig. Tiltak med bru kan ordne dette, men det trekk alternativet ned. Alternativt kan det anleggast sleppsone på vestsida av Dalavegen.
- b. **Kvåle:** Krev auka av parkeringsareal og biltrafikk gjennom sentrum, den gang då avstand til skulen blir auka og med utfordrande skuleveg for alle barna (frå Leite snakkar me 20-30 min gange for barn i 10-årsalderen). Det er lite truleg at desse vil gå, og levering med bil krev ekstra køyring gjennom sentrum. Vidare må ein truleg køyre til Fosshagen, eller anna barnehage, for å levere søsken. Svakaste alternativ på dette punktet.

13. Sikre areal til saumlause og universelt utforma gang- og sykkelvegar og snarvegar i sentrumsområda og mellom bustadområde, skular, barnehagar og fritidsaktivitetar

- a. **Trudvang:** Ligg best til for å få til dette for flest, skulen ligg tilbaketrekt i bygda, med gode sti-løysingar mot Leite, Dalavegen, og Sentrum. Skulen ligg på flata, med sær gode høve for å oppnå universelt utforma gang- og sykkelvegar inn til området, i den grad slikt er mogleg.
- b. **Fosshagen:** Er tett knytt til Campus-området, med sine godt utbygde stiar, sjølv om desse ikkje er råd å utforme universelt. Fosshagen ligg på slik høgde at stiar mot sentrum og resterande er godt mogleg, og i noko grad allereie tilrettelagt. Godt alternativ, men svakare enn Trudvang.
- c. **Kvåle:** Området har gode gangvegar til Ingafossen (som no er alternativet for biltransport), men ligg slik i terrenget at det ikkje er mogleg å utforme tilkomstvegar

for gang og sykkel med slak nok stigning for å oppnå universell utforming. Betre høve for innbyggjarar som bur på Kringla og Lundamyri.

16. Legge til rette for arenaer og areal for eigenorganisert fysisk aktivitet, kunst, kultur, fritidsaktivitetar og arrangement

- a. **Trudvang:** Plassering midt i bygda gjer det truleg at barn og unge vil nytte uteareal i stor grad på ettermiddag og kveld, og med tilbaketrukke plassering vil vær og vind i mindre grad påvirke bruken
- b. **Fosshagen:** Plassering nær midt i bygda gjer det truleg at barn og unge i stor grad vil nytte arealet på ettermiddag og kveld, men mogleg noko mindre enn arealet på Trudvang grunna nærleik. Plassering ved elva gjer området utsett for kald vind, og skugge frå vest (Fosshaugen) gjer arealet mindre lyst enn arealet på Trudvang, i den grad dette vil påvirke aktivitet på kveldstid.
- c. **Kvåle:** Usentral plassering gjer bruk på ettermiddag og kveld mindre truleg enn alternativa. Nærleik til elva kan medføre utsett for kald vind, men forholda er her betre enn i Fosshagen. Området har potensiale for gode solforhold, i den grad dette vil påvirke aktivitet på kveldstid.

19. Legge til rette for sambruk av offentlege bygg og uteområder

- a. **Trudvang:** Avheng av arealprosjektering, og er uavhengig av tomt. Kort avstand til der folk bur gjer det meir truleg at arealet blir brukt
- b. **Fosshagen:** Avheng av arealprosjektering, og er uavhengig av tomt. Kort avstand til der folk bur gjer det truleg at arealet blir brukt. Det er større høve for parkering i nærleiken enn Trudvang, noko som aukar bruksområdet for folk som bur utanfor sentrum
- c. **Kvåle:** Avheng av arealprosjektering, og er uavhengig av tomt. Lengre avstand til der folk bur enn alternativa, og vil fylgjeleg truleg medføre mindre bruk. Betre parkeringshøve enn dei andre alternativa gjer det tilsvarande meir aktuelt for personar som ikkje bur i sentrum. Er i so måte i strid med punkt 5.

20. Sette av areal til auke kapasitet i barnehage og grunnskule ut frå venta folketalsutvikling

- a. **Trudvang:** Større areal enn i dag for grunnskule, ingen effekt for barnehage
- b. **Fosshagen:** Set av areal for ny grunnskule og potensielt fellesareal med barnehage gjev fordel på begge kantar, men med føresetnad om redefinert arealføremål på Trudvang er det liten utviding
- c. **Kvåle:** Nytt areal som tidlegare ikkje har vore knytt til offentleg tenestetilbod. Ved å sette av areal på Kvåle vil ein ikkje ha krav om å flytte funksjon til Trudvang, som Fosshagen-alternativet må rekne med. Arealet på Trudvang kan derfor nyttast til barnehage-areal, og slik oppfylle arealmålet på ein god måte.

21. Sette av areal til grønne friområder tett på alle skular, barnehagar og idrettsanlegg.

- a. **Trudvang:** Knytt til Fosshagen som parkareal oppfyller målet på ein tilstrekkeleg god måte
- b. **Fosshagen:** Ved opparbeiding av Trudvang-tomta som parkareal vil ein oppnå målet på ein tilstrekkeleg god måte
- c. **Kvåle:** Området føreslege er i dag innkapsla av areal til andre føremål som ikkje let seg frigjere på ein enkel måte. Det er derfor uråd å opparbeide grønne friområder tett på skulen, og arealmålet let seg derfor ikkje enkelt oppfylle. Ved riving av Kvåle stadion vil ein kunne oppnå målet.

33. Førebyggje mot risiko og sårbarheit ut frå ein godt forankra heilskapleg ROS-analyse

- a. **Trudvang:** Heilskapleg ROS delevis utført
- b. **Fosshagen:** Heilskapleg ROS ikkje utført
- c. **Kvåle:** Heilskapleg ROS ikkje utført, aktuelt alternativ heller ikkje utgreia.

Konklusjon

Ut frå desse vurderingane kjem ein fram til fylgjande rangering

Mål i arealplan	Trudvang	Fosshagen	Kvåle
4) Vekst og fortetting med kvalitet i tettstadane	2	1	X*
5) Bygge arealeffekt innanfrå og ut for å oppnå 5-minuttssamfunnet.	1	2	x
11) Som hovudregel legge gjennomfartstrafikk utanom sentrum og redusere biltrafikk og parkeringsareal i sentrumskjerna	x	1	x
13) Sikre areal til saumlause og universelt utforma gang- og sykkelveggar og snarveggar i sentrumsområda og mellom bustadområde, skular, barnehagar og fritidsaktivitetar	1	2	x
16) Legge til rette for arenaer og areal for eigenorganisert fysisk aktivitet, kunst, kultur, fritidsaktivitetar og arrangement	1	2	3
19) Legge til rette for sambruk av offentlege bygg og uteområder	1	2	3
20) Sette av areal til auke kapasitet i barnehage og grunnskule ut frå venta folketalsutvikling	3	2	1
21) Sette av areal til grønne friområder tett på alle skular, barnehagar og idrettsanlegg.	1**	2**	3**
32) Førebyggje mot risiko og sårbarheit ut frå ein godt forankra heilskapleg ROS-analyse	X	X	X
Konklusjon 1	20	19	35
Konklusjon 1 rangering	2	1	3
Konklusjon 2 (ser bort frå manglande oppfyljing av mål).	6	8	10
Konklusjon 2 rangering	1	2	3

* Dette er eit diskusjonstema, men Kvåle legg ikkje opp til fortetting av sentrumsområdet.

** Fordrar at det blir sett av, og utbygd, tilstrekkeleg grønt friareal.

Det finst mange måtar å oppsummere dette på, i Konklusjon 1 har eg summert opp plasseringane, og sett X=5 for å gjeve manglande oppfyljing ein diskvalifiserande effekt. Konklusjon 2 har teke vekk X som vurderingskriterie, og summert plasseringane med talverdi. Konklusjon 2 gjev derfor store fordelar til Kvåle, som har strykverdi på mange mål.

Konklusjon 1 gjev marginal seier til Fosshagen, alternativet, då Trudvang ikkje oppfyller samfunns mål 11. Hadde ein akseptert at Trudvang kunne utformast til å gjeve noko redusert biltrafikk, ville Trudvang ha kome best ut totalt sett i denne rangeringen.

Ser ein bort frå alle måla som eitt alternativ ikkje tilfredstiller (noko ein ikkje bør gjere) endrar det vurderinga til at Trudvang er noko betre enn Fosshagen, med Kvåle tilsvarande langt bak Fosshagen att. Merk at denne vurderinga då berre nyttar fire av åtte relevante arealmål.

Det er likevel ei særskild viktig konklusjon at berre Fosshagen-alternativet uomtvisteleg treffer alle relevante mål frå arealplanarbeidet, medan Trudvang treffer på alle utanom eitt mål (plassering som i dag vil ikkje redusere trafikken i det heile, då den vil vere den same eller større). Sett i slik lys framstår Fosshagen som det beste alternativet, men med Trudvang som eit kanskje samla betre alternativ. I alle høve vil ein utbygging på Kvåle vere i strid med samfunnsplanane sin intensjon på for mange felt til å vere eit reelt alternativ.